



Norske
Landbrukstenester

Tilbod om helseforsikring gjennom Norske Landbrukstenester

Norske Landbrukstenester har inngått ein avtale om helseforsikring med forsikringsselskapet Vertikal Helseassistanse AS. Dette er i utgangspunktet ei kollektiv forsikring for alle medlemslag, men med reservasjonsrett.

Få ned sjukefråværet

Helseforsikringa er eit produkt vi har gått inn på med omsyn til sjukefråvær. Det viser seg at arbeidstakarar som har ei slik forsikring kjem raskare tilbake i arbeid etter sjukdom.

Vi har tru på at dette er ei god forsikring til ein særst gunstig pris. Vertikal er eit selskap som var eit av dei fyrste med denne forsikringstypen, og har vore på marknaden med helseforsikring sidan 1998. Dette gjer at vi er trygge på at vi har valt ein leverandør som er sikker og har erfaring.

"Vertikal Helseassistanse jobber for å motarbeide sykefraværet i norsk arbeidsliv. I de senere årene har vi hjulpet flere tusen kunder hvert år ut av helsekøen og raskt tilbake til samfunn og jobb. I 2007 behandlet vi over 3000 pasienter. Det viktigste er at den enkelte pasient spares for plagene og frustrasjonen ved å måtte vente på behandling. For næringslivet betyr dette at den enkelte er hurtig tilbake i arbeid, og at kostnadene og ulempene ved et lengre sykefravær reduseres betraktelig."
Frå Vertikal si heimeside

Vertikal krev ingen helseattest, og det er heller ingen skilnad på pris i høve alder og kjønn.

Kollektiv ordning

Dei som kan vere med i ei kollektiv ordning er dei tilsette som har fast stilling med kontrakt.

Fordel for arbeidstakar som er med i kollektiv ordning

Fordelen for dei som går inn kollektivt er at dei vil ha 5 timar med fysioterapi, kiropraktor m.m. utan å først bli tilvist til spesialist. Dersom ein ikkje er bra etter dei 5 timane skal ein til lege og bli tilvist vidare til spesialist. Viser det seg då at spesialisten meiner at ein skal halde fram behandlinga, så har ein ugressa timar med behandling.

Reservasjonsrett

Betyr at alle medlemslaga i utgangspunktet er med kollektivt, men kan gje melding til oss om at dei ikkje er interessert i å vera med.

Dersom nokon av dei tilsette vel å ikkje vera med er det fullt mogleg å reservera seg. Laget kan likevel gå inn kollektivt med dei som ynskjer det, om det så berre er ein person.

Tilbod også til alle andre med tilknytning til laget

Når vi har fått oversikt på kven som er med kollektivt vil vi vidare gå ut med tilbod til alle deltidstilsette og bønder som er medlemmer i eit avløysarlag/landbruksteneste. Alle som er med i ordninga, og dei som er kollektivt meldt inn, kan forsikre familiemedlemmer.

For desse gjeld **ikkje** dei 5 timane med fysioterapi, kiropraktor m.m, utan å først bli tilvist til spesialist.

Ditt lag kan tene pengar på sal

Dersom ditt lag er med kollektivt vil sal av forsikringar til andre tilknytt laget gje ein provisjon til laget ditt. Fornyng av forsikring vil kvart år utløyse ny provisjon. Provisjon til laget pr. teikna forsikring utanom kollektiv ordning er kr 100,-

Pris

Prisen er sjølvsagt tema ved teikning av nye forsikringar. Vi har vore ute på anbodsrunde i lag med forsikringsmeklaren vår Willis, og har fått ein pris som er langt betre enn om ein skulle teikne ei slik forsikring aleine.

Normale prisar ligg ifrå ca kr 2000 kroner for ein tredveåring og opp til kr 5000,- for ein femtiåring.

Vår pris er kr 1490,- pr. år uansett alder.

Prisen er lik uansett om ein går inn kollektivt eller ikkje. I tillegg kan ein teikne forsikring på barn til kr 840,-

Kven skal betale?

Dei fleste arbeidsgjevarar vel å betale denne forsikringa for sine tilsette. Då må dette lønsmeldast på den einskilde. Andre tilbyr forsikringa som eit tilbod arbeidstakar betaler sjølv. Dette er fullt mogleg. Då må de informera dei det gjeld om at dersom dei vil vera med i ordninga vert dei trekt i løn, anten heile summen eller ein fast sum i månaden.

Betaling

Betalinga skjer samla frå kvart lag av dei kollektivt innmelde. Alt utanom vil bli fakturert direkte til den forsikra.

Vegen vidare

Det vi treng frå dykk no er namneliste på dei fast tilsette. Om laget eller einskilde arbeidstakere vel å nytte seg av reservasjonsretten må vi ha skriftleg melding om det. Namnelista skal innehalde fullt namn og fødselsdato.

Ei helseforsikring er eit gode både for arbeidsgjevar og arbeidstakar. Samtidig som ein er sikra å få den tilsette raskt tilbake i arbeid er forsikringa og eit personalgode. I vårt arbeid med å rekruttere og halde på kvalifisert arbeidskraft meiner vi dette er eit tilbod som mange lag vil ha nytte av.

Vedlagt finn de eit produktark som fortel om vår forsikringsavtale.

Vi ynskjer tilbakemelding med namn og fødselsdato på dei som er med kollektivt innan 3. desember.

Registreringa skjer via eposten de har fått frå NLT

Meir informasjon finn de på produktarket frå Vertikal på dei to neste sidene.

VERTIKAL 28 DAGER



For NLT`s medlemslag som vil redusere sykefravær

- Vi garanterer deg en spesialistvurdering innen 10 virkedager
- Vi garanterer deg behandling/operasjon innen 28 virkedager

En kollektiv avtale for faste ansatte i NLT`s medlemslag



 VERTIKAL



Vertikal Helseassistanse AS er en medisinsk kompetansebedrift.
Våre leger og sykepleiere står til rådighet for deg.

Vertikal helseforsikring er et produkt som er basert på tre søyler:
Tid - Kvalitet og Rettigheter.

Tid:

Tidsgarantien som Vertikal gir deg garanterer deg rask behandling når du trenger det.

Kvalitet:

Vertikal har brukt mye tid og resurser på å kvalitetssikre de sykehus og de leger som skal behandle våre kunder. Vårt motto er at leger og sykepleiere skal gjøre seg fortjent til å behandle våre kunder.

Rettigheter:

Våre sykepleiere og vårt pasientombud vil være med og veilede deg i hvordan du skal få optimalisert dine forsikringsrettigheter og pasientrettigheter.

Vertikal Helseforsikring sørger for riktig behandling til rett tid!

Som kollektivt medlem gjennom NLT`s medlemslag, får du:

- Spesialistvurdering innen 10 virkedager
- Behandling/operasjon innen 28 virkedager
- Personlig oppfølging av en sykepleier før, under og etter behandling
- Nettverk av samarbeidende sykehus i Norge og i utlandet
- Et uavhengig medisinsk råd som kontinuerlig kvalitetssikrer de sykehus og leger vi til enhver tid benytter oss av
- Eget pasient ombud som sikrer dine rettigheter som pasient og forsikret
- Helseforsikring uten helseattest
- Lik pris uavhengig av alder, kjønn og livsstil
- Tilbud om uavhengig vurdering av diagnose som allerede er stilt
- Dekket alle kostnader relatert til behandling, reise og opphold
- Inntil 5 timer til fysioterapeut, ev. kiropraktor, ev. naprapat, ev. manuell terapeut behandling uten henvisning fra lege. Kan benyttes en gang pr ansatte pr forsikringsår. Ved benyttelse av denne ordning kan pasienten selv velge behandler. Etter at fem timer er benyttet MÅ den ansatte ha henvisning fra legespesialist for at et ubegrenset videre behandlingsløp skal kunne starte. Gjelder kun kollektiv avtaler. Gjelder ikke privat personer eller partner/ektefelle avtaler.

Vertikal Helseforsikring dekker:

- Alle somatiske sykdommer som ikke krever øyeblikkelig hjelp
- Psykolog der årsaken skyldes en somatisk lidelse
- Ubegrenset fysioterapi og kiropraktorbehandling der dette er foreskrevet av en legespesialist
- Rehabilitering etter behandling

Behandling på sykehus/spesialist i Norge, Norden eller resten av Europa

Vårt mål er å få deg raskt tilbake til en aktiv hverdag. Som kunde hos oss er du i trygge hender!

Utfyllende informasjon om Vertikal Helseforsikring finner du i våre vilkår.